


DET NORSKE TEATRET



1937—38





MAGASIN OG PLATEKOMFYRER

Mest moderne utførelse i porcelensemalje og rustfritt stål

SPESIALUTSALG "DET ELEKTRISKE KJØKKEN"

ROSENKRANTZGATEN 9, OSLO - TELEFON 16089

b15g 161239



Teatersjef Knut Hergel

Sølvberg & Nesting A/s
Farveri, kem. renseri
Utfører all färvning og rensning for teatret

Treng du:


Gode og rimelege

skjorter - slips - undertøy o. l.

so gå til

KNUT KJORSTAD BØNDERNES HUS

POLLUX



POLLUX

Alt i elektrisk utstyr
RADIO, LAMPER
KOMFYRER
ELEKTRISK ANLEGG

Reparasjoner utføres billig.
Tr.hjemsv. 111. Telefon 74039.

Målararbeidet her i teatret er utført av
A. DOLVE'S MÅLARFORRETNING

Ringgt. 18 — Telefon 71115

Bygnings-, skilt- og dekorasjonsmåling

NYHETER!

KÅPER

KJOLER

SPORTSKLÆR

Vi har

Rimelige priser.

ALT *for*
ALLE!

PETRINE NIELSEN

Grunnlagt 1879

Thv. Meyersgt. 67-65




Lars Tvinde



Edvard Drabløs





Oslo Sparebank

Oprettet 1822



21 afdelingskontorer i Oslo og omegn



Ingjald Haaland



BUNTMAKER
PELSHANDEL

**Bisam
Huset**
Niels O. Nielsen

Grensen 12 — Telefon 24 653
Inng. ø. Slottsgt.

NOREG

*Vikeblad for radikal fram-
stegspolitik på norsk grunn.*

- ◆ Kjem ut i Oslo og
kostar 3 kr. halvåret
- ◆ Send tinging til
postboks 757



Henny Skjønberg



Dagny Gurvin

POLYFOTO

48 forskjellige bilder,
kr. 2,50.

Stortingsgt. 18 (Casinogården.) Telef. 24 122



Livet

er ikkje som teatret, det let deg ikkje få velja millom komedie og tragedie. Kva svip det no skal få for deg — eitt er sikkert: .

Det vert ikkje tyngre eller fatigare for deg med ei trygding i Andvake.

Den kvite pesten.

Skodespel i 14 bilete av Karel Capek.

På norsk ved *Olav Rytter.*

Sett i scene av *Knut Hergel.*

Dekorasjonane av *Ola Cornelius.*

DEI SOM SPELAR:

Professor Sigelius	Lars Tvinde
Doktor Galén	Edvard Drabløs
Marsjallen	Ingjald Haaland
Dotter til marsjallen	Åsta Voss
Baron Krüg	Einar Tveito
Fyrsteassistenten på klinikken	Helge Essmar
Andreassistenten »	Johan Norlund
Ein professor	Martin Gisti
Faren	Pehr Qværnstrøm

(Framhald neste side.)



E. A. HAMMER A/s

Kjøper skurlast.

Selger bygningsmaterialer.

Jernbanetorget 4. Tlf. 10 980, 12980. Lager: Sørensen. Tlf. 81 326.

Kjøp Deres
blomster i

Oswin Lissey^{'S}

Blomsterhandel

33 Karl Johans gate

KIKKERTER, BRILLER m. m.
Kun 1. jkl. optikk - Nøiaktig tilpasning



Martin Viig,

Kirkegaten 34, nær Karl Johansgt.

OLAF NORLI

BOKHANDEL
PAPIRHANDEL
ANTIKVARIAT

UNIVERSITETSGT. 24

Silkestrømper

NATURSILKE

Kr. 3,90, kr. 4,90, kr. 5,90.

KUNSTSILKE

Kr. 2,75, kr. 2,95, kr. 4,90

Hermansen & Jørgensen

Ø. Slottsgt. 7 — Oslo



Alle Dykkar

bankforretningar

vert greidde av:

BØNDERN

STEEN &

(Framhald.)

Mora
Sonen
Dottera
Propagandaministeren
Unge Krüig

Pestfengde, journalistar, sju
offise

1ste bilete: Ei gate. 2dre bil
3dje bilete: I

4de og 5te bilete:
10 min. u

6te bilete: Huslyden. 7de bilete: Ko
Hos professor Sigelius. 9de bile

10 min. u

10de, 11te, 12te og 13de bilete: Hos

ORKEST

Kapellmeister:

- I. 1. bilete. G. Becce: Appassionato
II. 6. bilete. G. Becce: Intermezzo T
Calmo. 8. bilete. G. Becce: Int
Con Moto.
III. 10. bilete. J. S. Zamecnik: Agita
13. bilete. J. S. Zamecnik: Schla
A. K. Nielsen: Fascis

Kontormøblar levert frå Mo
Kirke

Dagbladet Den store midda
Den aktuelle aft

„La Bjelland sy den.“

Velkommen

til

Bjelland!

STRØM

Henny Skjønberg
Kåre Wicklund
Dagny Gurvin
Alf Sommer
Harald Heide Steen

sjuke-syster, sjukepassarar og
fiserar.

bilet: Hos professor Sigelius.
e: Ein huslyd.

ete: På sjukehuset.

n, opphald.

Kontoret til doktor Galén. 8de bilet:
bilet: Kontoret til doktor Galén.

n, opphald.

Hos marsjallen. 14de bilet: Ei gate.

ESTRET:

er: A. K. Nielsen.

anato. 4. bilet. G. Becce: Preludio.
zo Tragico. 7. bilet. G. Becce: Andante
Intermezzo Serio. 9. bilet. G. Becce:

gitato. 12. bilet: G. Becce: Misterioso.
ehlachtmusik.
scistsong.

Moderne Kontormøbler A/S,
rkegt 8.

ddagsavisen **Bladet i vekst**
aftenavisen

Skreddersøm
Konfeksjonssøm

Bjelland
KONGENSGT.7

TIEDERMAN'S
Blue **Master**

AMERICAN BLEND



*Beste
utvalg
i
Keramikk*

A detailed illustration of a ceramic cup and saucer. The cup is filled with a beverage and has a decorative pattern. The saucer is matching. The text 'Beste utvalg i Keramikk' is written in a cursive script around the cup.

Joh. Jørg. Backe - Grensen

Kjøp og les
Nynorsk
Vikeblad
kvar onsdag

Fine fargelagde bilete.
Spanande forteljingar.
Aktuelle artiklar.

35 øyre

I alle kjoskar og bladutsal.

NES BANK

OSLO — Egertorvet og Grønland 24
SKIEN — STAVANGER — TRONDHEIM



Karel Capek.

Karel Capek vart fødd som son av ein landsbylækjar i Nord-Mæren i 1890. Han er ein av dei aller fremste tsjekkiske forfattarane i dag, og serleg med skodespela og fleire av romanane sine har han vunne seg eit verdssnamn. Det norske Teatret førde fram eit av stykka hans alt i 1925, R. U. R., om maskinmenneska, robotane, som til slutt tek makta over herrane sine, eit symbolsk-utopistisk skodespel om vår tids maskinkultus og maskinvelde. Same symbolsk-utopistiske draget går att i antikrigsdramaet «Insektliv» og i fleire av dei mest kjende romanane hans, som «Kratatit» og «Salamanderkrigen».

Men Capek har kanskje aldri nått lenger i satirisk slagkraft og menneskjeleg patos enn i siste skodespelet sitt, «Den kvite pesten», som hadde premiere i Praha i vår og no blir framført av Det norske Teatret. Det symbolske draget går att her òg, men det er avdøyt av den brennande aktualiteten i det problemet skodespelet reiser: diktaturveldet og krigspsykosen. Vi syner elles til det Capek sjølv har skrivne om stykket sitt.

Capek er ikkje berre ein framifrå dramatikar og

romanforfattar. Han har òg skrive meisterlege noveller, og han er ein åndfull essayist. Ferdaskildringane hans frå England, Italia, Spania, Nederland og Norderlanda («Ei Nordlandsferd» 1936), gjev strålende karakteristikkar av land og folk.

Thomas Masaryks filosofiske og politiske syn har sett djupe merke i den tsjekkosllovakiske litteraturen av i dag. Men få har levt seg so intenst inn i Masaryks tankeverd som Capek. Masaryk-biografien hans, «Samtalar med Masaryk», gjev eit uvanleg levande bilete av Masaryk som statsmann, filosof og menneske. Som den kunstnarlege talsmann for Masaryks demokratiske og humane ideal, er Capek ein djupt ålvorleg representant for dei beste tradisjonar i tsjekkisk ånd og ein glødande forsvarar for verde som tsjekkane no freistar halde oppe i ei vanskeleg tid. Dermed blir han òg talsmann for ideal og verde som er i samsvar med det beste i den *europæiske* tradisjonen. Verket hans er sprunge ut av den moralske og politiske røyningstida hans eige folk står i. Men det har òg bod til alle folk. Capek er ein djup nasjonal diktar, i den verkelege meininga av ordet. Men innhaldet og tendensen i diktninga hans gjev han ålmennverde. Og det gjeld kanskje fyrst og fremst skodespelet hans om «Den kvite pesten».

Olav Rytter.

NORSK TIDEND

Framhald av «Fedraheimen» og «Den 17de Mai».

Innhaldsrikt. Aktuelt. Segjer si meining utan partipolitiske umsyn. Let ulike syn brytast i ordskifte um det som er uppe i tida.

Kjem ut kvar torsdag og kostar kr. 1,50 for fjordungåret
Godt lysingsblad.




HEIMENE

Kristian 4. gt. 4, Oslo

**Ta med eit *norsk*
Oslo-minne.**

vevnad — prydsaum — treskurd
smijarn — nasjonalbunader — dokkor
lusekufte — vottar — handveske



Harald Heide Steen



Einar Tveito

P. Hellerud

Jacob Aalsgt. 14, Oslo

Telefon 44030

Allslags byggjearbeid

Forretningsfolk

og andre som vil ha prentesakene sine på norsk,
vender seg til:

Johansen & Nielsens Boktrykkverk

Pilestredet 45 b :-: Telefoner 62 692, 61 493

Eit godt råd.

Når ein er på ferd kring i landet, og treng god mat og godt husrom til rimelege prisar, då tek ein inn på desse stadene:

Drammen	Kaffistova — Bondeheimen Engene 4.
Flekkefjord. . . .	Kaffistova og Bondeheimen.
Gjøvik	Kaffistova. Øvre Torvgate 9.
Hamar	Kaffistova & Bondeheimen Vangsveien 33.
Harstad	Kaffistova Trondarnes.
Haugesund	Kaffistova Haraldsgt. 161 Kaffistova Haraldsgt. 126 Hotell Kong Harald Haraldsgt. 146
Horten	Kaffistova Storgata.
Kongsberg	Kaffistova & Bondeheimen ved Nybrua.
Kristiansand . . .	Bondeheimen, Kyrkjegata og Bondeheimen, V. Strandgate.
Kristiansund . . .	Bondeheimen & Kaffistova Marmorgarden.
Mandal	Kaffistova & Bondeheimen
Oslo	Hotell Bondeheimen, Bøndernes Hus.
Oslo	Kaffistova, Bøndernes hus.
Oslo	Kaffistova, Torget 8.
Oslo	Parkstova, Drammensv. 2.
Oslo	Kaffistova, Cort Adellersgt. 2.
Oslo	Kaffistova til Oslo Fylkeslag Nordal Brunsgt. 22.
Sandefjord	Kaffistova Rådhusgata.
Skien	«Dag» Kaffistova og «Dag» Bondeheimen
Tromsø	«Sagatun» og Kaffistova. Torget.
Tromsø	Kaffistova i Sjøgata.
Trondheim	Bondeheimen og Kaffistova, Søndre gt.
Tønsberg.	Vestfold Ungdomsfylking. Torget — Kaffistover — Høitorget.
Aalesund	Gjestestova St. Olavs plass. Kaffistova ved brua.

OSLO NYE SPAREBANK

Kristian 4.s gt. 4, OSLO

Alle vanlege bankforretningar.

NORSK TRYGDEAGENTUR ^{L/L}

Hovudombod for trygdingar på nynorsk. Skipa av mål- og ungdomslag.

Teiknar:

Brand- Automobil- Innbrot- Ulukke- Ansvar- Garanti- og Reisetrygdingar
*Stø Dykkar egne forretningar. Norsk Trygdeagentur er skipa av målfolk
for målfolk.*

Kristian 4. gt. 4

Oslo


Telf. 10 176



Alf Sommer



Johan Norlund



TRIO TRANSPORT
&
GRÆNSENS
VISERGUTTKONTORER

26 511 - Rådhusgt. 30^B - 14 664

Flytning - Møbellagring



NOREGS BOKLAG

Rosenkrantzgt. 8, Bøndernes Hus

BOKHANDEL - PAPIRHANDEL

Tek imot boktingingar og sender bøker
heile landet over.

*Å handla med sin eigen samskipnad
er å handla med seg sjølv.*

Alle slags klisjéer! Avstøpninger, Matriser

AKTIESELSKABET

"CLICHÉ"

KUNST-REPRODUKTIONS ATELIER

MAURITZ IVERSEN

10 PILESTREDET 10

16810 CENTRALBORD 16810

Telefon 15567

Nikolai Olsens Boktrykkeri

Møllergaten 17 — Oslo

Spill op til dans!

«Excelsior» og «Royal-Standard»
er de mest kjente trekkspill.
Trekspill i alle prislag fra kr. 12,-
til kr. 1200,-

3 korige spesial dansespill fra kr. 285,-

Avbetaling — Katalog gratis



Aslaug Brandvold
fra Vinstra benytter
EXCELSIOR

CARL M. IVERSEN

YOUNGSGATEN 1 ★ OSLO

NORGES STØRSTE MUSIKKLAGER



Åsta Voss



Kåre Wicklund

Sportsutstyr

kjøper De best og
billegast hjå

Bjørndalens Sportsforretning

Markveien 58 — Oslo — Telefon 70 069

Alle Artikler for Kunstmalere.

Alt til Silkemaling, Lærplastik og Gyldenlær.
Porselænsmaling og Rosemaling.

CHRIST. ENGBRETSSEN & SØN
Pilestrædet 27 — Oslo.

159161239

Karel Capek

segjer om den kvite pesten:

Det var ein ven av meg, ein lækjar, som for nokre år sidan gav meg fyrste tildrivet til å skrive dette stykket. Han fortalde meg nemleg ei «historie» om ein doktor som oppdagar «dødsstrålane», som samstundes kann lækje fårlege svullar og på det viset blir ein einveldig og ulukkeleg verdsfrelsar. Av dette emnet vart det sitjande att i meg tanken om ein lækjar, som på eit vis har lagnaden til menneskja i sine hender. Men i vår tid er det so mange menneske som har eller vil ha lagnaden til folka i sine hender, at eg aldri har havt serleg hug til å auke talet på dei med eit nytt eksemplar, dersom det ikkje hadde vore noko anna og meir tvingande som dreiv meg til det, nemleg vår eiga samtid.

Eit av dei mest karakteristiske merke på menneskja i etterkrigstida er at dei har kome burt frå det dei mange stader mesta med vanvyrndnad kallar humanitet. I dette ordet er samla ein religiøs vyrndnad for livet og menneskerettane, kjærleik til fridom og fred, arbeid for sanning og rettferd og andre moralske postulat, som hittil vart rekna for innhaldet i menneskjeleg utvikling, i samsvar med ånda i dei europeiske tradisjonane. Som kjent har no ei heilt anna ånd kome til makta. Ikkje mennesket, men staten, nasjonen, rasen eller klassa er berar av alle rettar og er det einaste som blir halde i

ære over alt anna: det er ingenting som står over desse omgrepa og kann avgrense dei moralsk i deira vilje og rett. Staten, nasjonen, regimet har allmektig autoritet. Den einskilde med sin åndsfridom og samvitsfridom, med sin livsrett og sitt menneskjelege sjølvråde er fysisk og moralsk beintfram undergjeven den sokalla kollektive, men i grunnen reint autokratiske og med makt pålagde styringsforma. Det er den politiske autoritets-ånda som i dag går til åtak på den moralske og demokratiske humaniteten i den europeiske tradisjonen. Denne konflikten kjem klårare og klårare fram i dei millomfolkelege tilhøva, men samstundes er det eit indre spursmål hos kvart folk. Utetter kjem det klårast til synes i den trugande krigsfåren i Europa i dag og i ein veksande tendens til å løyse politiske spursmål med vald og mord.

Rett nok kann ein òg definere verdskonflikten av i dag i økonomiske og sosiale omgrep, eller i biologiske ordelag som ein «strid for livet». Men mest dramatisk syner han seg i samanstøyten millom to store motstridande ideal. På eine sida den ålmenmenneskjelege humaniteten, det moralske idealet, idealet om demokratisk fridom, verdsfred og vyrdnad for liv og rett. På den andre sida eit dynamisk, antihumant maktideal, idealet om overmakt og nasjonal eller annan ekspansjon, som nyttar makta som eit velkome middel og menneskelivet berre som ein reidskap. Nyttar ein dei vanlege nemningane av i dag, so er det ein konflikt millom dei demokratiske ideala og dei uavgrensa og æresjuke diktatorideala. Og nett den tragiske aktualiteten til denne striden dreiv meg til å skrive «Den kvite pesten».

Det kunde godt ha vore kreft eller ein annan sjukdom i staden for den fingerte «kvite pesten». Men forfattaren har freista so langt råd er å føre dei einskilde motiva og sjølv lokaliseringa av stykket over til ei fiktiv verd, so det ikkje skulde vera naudsynt å tenkje på ein verkeleg sjukdom eller på verkelege statar eller regim. Elles har han meint denne farangen i nokon mun symbolsk, som eit merke på det djupe forfallet til den kvite rasen. Ein slik epidemi får eit menneske av i dag

til å tenkje på pestfarangane i millomalderen. Forfattere har med vilje ført heile den dramatiske konflikt-situasjonen over på motivet om den drepende farangen, for eit sjukt og ulukkeleg menneske er sjølv sagt eit typisk objekt for humaniteten, for *det* er mest bunde av ei menneskjekjærleg moralsk ordning. To store verdssyn møtest her so å segja over lidingssenga, og i striden millom dei står avgjerda millom liv eller daude for menneskja. Han som representerer maktviljen let seg ikkje stogga av medkjensle med den menneskjelege pina og redsla. Men han som strir imot han i namnet til humaniteten og vyrdnaden for livet, nektar å hjelpe dei lidande, av di han sjølv på fatal vis og eignar til seg den miskunnslause stridsmoralen. Og i namnet til freden og humaniteten vil ein koma til å drepa og døy i tusental, dersom denne striden nokon gong vil bli utstridd. I den stridande verda må sjølv *Freden* vera ein hard og ubøygjeleg stridsmann. Og på den andre sida blir representanten for brutaliteten og makta sjølv ein av dei som bed om menneskjeleg hjelp, medan det styrslause mordmaskineriet, som han sjølv har sett i gang, veltar seg nådelaust over han. Nett i dette har forfattere set tyngda i den verdskonflikten vi no lever igjennom. Det står ikkje utan vidare svart mot kvitt, vondt mot godt, urett mot rett. I denne striden støyter store verde og uforsonlege krefter saman. Men det som er mest truga i striden, er alt godt og rett, og alt menneskeliv. Til slutt er det berre ein muge utan stordom og medkjensle som trampar i hel baa representantane for dei motsette viljane. Der ser ein menneskja, som humaniteten vilde berge; der ser ein massane, som maktviljen vilde føre fram til stordom og ære! Der har du dine «alle menneske», Galén! Der har du «ditt folk», marsjall! Og vi alle har her våre historiske konflikter, der den endelege sigeren er uviss, men berre ein ting er heilt viss: at det er *Mennesket* som sårt og tungt må betala for det. Korleis enn den krigen endar som brukar laus ved slutten av «Den kvite pesten», *eitt* er visst: at mennesket slepp ikkje undan si lidning.

Forfattere er klår over at denne tragiske slutten,

som ikkje er til å koma framom, er inga løysing. Men gjeld det ein verkeleg strid som blir spela ut i vår tid, og vårt rom millom verkelege menneskekrefter, so kann vi ikkje løyse han med ord, vi må lata sjølve historia løyse han. Kanskje kann vi ha tiltru til framtidsmenneskja, slike som dei to ærlege og skynsame unge menneskja i slutten av stykket. Men den endelege løysinga må gjevast over til den politiske og åndelege historia, der vi ikkje er med berre som tilskodarar, men som stridskameratar, og der vi må vita på kva side i den dramatiske verdskonflikten eit lite folks heile rett og heile liv er å finne.



Rik grøda krev god gjødsling.

Under dei vanlege jordbrukstilhøva må gjødslinga ogso vera allsidug. Vi må gjeva sovel kvæve, fosforsyra som kali i ei høveleg mengd. Dette kan vi gjera ved å bruka Kalksalpeter eller Kalkammonsalpeter saman med superfosfat og kaligjødsel.

Men vi kan no og nytta **Fullgjødsel**, som leverast i 3 skilde typer til kvar sitt bruk.


Fullgjødsel er ei høgprosentig vara med billeg pris pr. kg. verdestoff.



Fra 1900
til idag

har vi været specialister i

KÅPER OG DRAKTER



O. Nilsen
G R E N S E N • 1 7

